



JUSTIS- OG BEREDSKAPSDEPARTEMENTET  
Postboks 8005 Dep.  
0030 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Ingvild Eriksen Mittet, 71258556

## Høring - midlertidige endringar i lovverket som følgje av innkomst av fordrivne frå Ukraina med rett til midlertidig kollektiv beskyttelse

Vi vil knytte nokre kommentarar til vurderingane bak enkelte av endringsforsлага. Tidsperspektivet på forslaget inneber at det vil kunne ramme barn og det krev at det er gjort gode risikovurderingar for det enkelte barnet.

### Utsett opplæring av fosterforeldre

I oppvekstsreforma som inkluderer ny barnevernlov og fosterheimssatsinga er kravet om opplæring skjerpet. Det er eit generelt auka fokus på at god opplæring er viktig for å sikre stabile, gode og trygge plasseringar i fosterheim. Mangel på opplæring inneber auka risiko for at fosterheimen ikkje er forberedt godt nok og at det kan bli feilplasseringar og brot. Dette forslaget går i en heilt anna retning.

Det er kjent at ein del fosterbarn opplever brot i fosterheimane sine. Vi saknar ei vurdering av kva for betydning utsett og redusert opplæring kan ha for risikoen for at det blir brot i fosterheimen. I tillegg vil forslaget om endring av opplæringa kunne ta bort fokus frå å sikre fosterheimar som er rusta for å ta imot barn med store omsorgsbehov.

Vidare er det på bakgrunn av dommane i EMD ei endring av fokus frå langvarige plasseringar til auka samvær og fokus på gjenforeining. Det sett store krav til fosterforeldre og kan auke faren for brot om fosterforeldra ikkje er godt informert. Vi kan ikkje sjå at dette er vurdert som en del av ulempene ved forslaget om endring av reglane om opplæring.

Sjølv om det er ein regel som er meint til ein krisesituasjon, er det viktig at ein vurderer skadeverknadane for alle barn som har krav på dette tiltaket. Vi vil understreke at det kan vere enda meir kritisk for barna frå Ukraina å oppleve brot i fosterheimen.



### Heimel til å redusere oppfølging og tilsyn i fosterheimar

Dette er knytt til dei same vurderingane som vi har nemnt under utsett opplæring av fosterforeldre. Mange kommunar ikkje oppfyller ikkje lovkrava som gjeld oppfølgingsbesök og tilsyn. I tillegg er det ueheldig at det både kan bli reduksjon av oppfølging og tilsyn samtidig som fosterforeldre ikkje har fått opplæring det første halvåret.

I fosterheimssatsinga er det enda meir fokus kor nødvendig det er med regelmessig oppfølging av fosterheimar. Vi ser i vår tilsynsaktivitet at det er manglande oppfølging og at det får konsekvensar for barna. Da blir det ekstra kritisk om krav skal bli redusert sjølv om forslaget er avgrensa i tid og det er sett konkrete vilkår for reduksjon av oppfølging og tilsyn. Den store risikoene dette inneber burde vore meir omfattande vurdert.

Når det gjeld vedtaka som skal bli fatta, tenker vi at det bør bli utforma krav til korleis barnevernet skal gjere greie for sine avgjerder og konsekvensane av desse. Desse vedtaka vil vere av stor betydning og inneheld komplekse vurderingar. For å sikre rettane til barna og deira familie bør det bli gitt nærmare rettleiing til barnevernstenestene om korleis dette skal bli gjort i praksis.

### Heimel for å gi forskrift om unntak frå fristar for meldingsgjennomgang og undersøking

Vi saknar ei grundigare vurdering av kva risiko dette inneber for barna og deira familie at barnevernet ikkje oppdagar eller får gitt fort nok hjelp til barn som treng det. Det er vist til i forslaget at unntaket skal kunne gi barnevernet auka fleksibilitet til å planlegge sine ressursar for å gjennomføre sitt arbeid forsvarleg.

Vi stiller spørsmål ved at det ikkje er sett avgrensingar for kor mykje fristane kan bli forlenga i forskrifta. Forslaget verker for lite konkret og gir ein vid blankofullmakt til å endre fristane utan at det gjort grundig vurdering av ulempene.

Med helsing

Rigmor Brøste (e.f.)  
ass. statsforvaltar

Ingvild Eriksen Mittet  
seniorrådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*